

Styremøte SFSG 9.12.23 heima hjå Ragnhild

Tilstades: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Erlend Fossen, Anne Inger Moen, Ole Bjarne Hovland og Solgun Haugen

Styremøte kl 10.35 – 16.35

Sak 70/23. Tilbakemelding frå styremedlemmane på kva dei har delteke på sidan førre styremøte

Ragnhild – Haustsamling Skei, Geitehelga på Skei,

Erlend – Rep.møte Gardermoen, Haustsamling Skei, Teamsmøte for sentralt tillitsvalte i NSG, møte Gjetarhundnemnda

Jo – Haustsamling Skei, Geitehelga på Skei, møter i Utval for mjølkegeit

Anne – Haustsamling Skei, Teamsmøte i Avlsutval for sau

Solgun –Haustsamling Skei

Ole Bjarne – Haustsamling på Skei

Sak 71/23. Oppdatert rekneskap

Styret tek oppdateringa til etterretning

Sak 72/23. Eventuelt «Nytt» frå Avlsutval sau, Gjetarhundnemnda, Utval for mjølkegeit.

Avlsutval sau – ikkje noko nytt.

Gjetarhundnemnda – Sogn og Fjordane får ei ekstra kvote utfrå plassering i konkuransar.

Utval for mjølkegeit – Møte 7.des ang innspel jordbrukstingingane, brev til NSG ang byllesjuke sau. Arrangerte Geitehelg på Skei 18-19.november.

Styret diskuterte ulike problemstillingar rundt kåring av beste bukk. Kva kriteria skal me bruka og korleis skal me gå fram for å rangera når det er lik indeks på alle på topp. Skal same bukken kunna få prisen fleire gonger.

Sak 73/23. Oppsummering av «Haustsamlinga» 2023

«Haustsamlinga» 2023 vart arrangert på Thon hotell Jølster 3-4.11.2023. Fredag var det hovudfokus på utfordringa med beiterett og utmarksbeite v. styremedlem i NSG Ketil Trongmo. I tillegg til litt info om kva som rører seg sentralt i NSG. Laurdag fekk alle koma med sine meiningar til NSG sentralt, før Statsforvaltaren i Vestland v. Mary Ueland snakka om korleis få fleire beitedyr i utmark og beitebruksplanar. Samlinga vart avslutta med lokallaget sin time og Nortura som snakka om klassifisering av slakt og ull.

Det var markering av SFSG 75 år i samband med middagen. Lars Nesse held innlegg om historia til laget og Terje Lyngstad held innlegg med «skråblikk på sau og geita».

Styret i SFSG meiner det var ei bra samling, men at det kunne vore fleire deltakarar. Ein må prøva å finna ut kva som må gjerast for å få fleire til å møta, og kva tema som er aktuelle for å få folk til å koma.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@enivest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694

Sak 74/23. Innspel til jordbrukstingingane 2024

Styret diskuterte innspel til jordbrukstingingane.

Sak 75/23. Handsaming av søknadar om tilskot til aktivitet i lokallag

Det er kome inn søknadar frå 5 lokallag innan fristen for andre søknadsrunde 30.november;

- Sogndal – transportkostnadar minibuss haustsamling/småfesamling, tur til Nortura Førde, fjelltur 27.august, fjøsmøte i oktober
- Viksdalen – deltakaravgift for medlemmar på «Beste klimapraksis på sau»
- Luster – Aftersank på Gaupnetunet
- Lærdal – fjøsmøte og seminkurs
- Lærdal - klage på vedtak gjort på styremøtet i august 2023
- Gaular - ullhandteringskurs

Styret gjekk gjennom innkomne søknadar og gjorde fylgjande vedtak/løyvingar:

- Sogndal – transportkostnadar minibuss haustsamling/småfesamling, tur til Nortura Førde, fjelltur 27.august, fjøsmøte i oktober
 - o Transportkostnadar minibuss haustsamling/småfesamling – avslag. Småfesamlinga vert ikkje i vinter, og på haustsamlinga var deltakinga for låg til at det var trong for minibuss. Styret meiner at transport til arrangement arrangert av andre enn lokallaget ikkje fell inn under ordninga.
 - o Tur til Nortura sitt anlegg i Førde, fjelltur 27.08.2023 og fjøsmøte i oktober - 60% av dokumentert kostnad innanfor 60% av budsjettert kostnad
- Styret i SFSG meiner tiltaket til Viksdalen Sau og Geit er eit godt tiltak innanfor vilkåra til ordninga og løyver inntil 60 % av totalkostnaden på deltakaravgifta på dei som er medlem i NSG – kr 17 550,-
- Styret i SFSG meiner tiltaket til Luster Sau og Geit er eit godt tiltak innanfor vilkåra til ordninga og løyver 60 % av totalkostnaden utfrå dokumentert utgifter – kr 1740,-
 - o Løyve 60 % av 2900,- (dokumenterte utgifter)
- Solgun gjekk frå som ugild under handsaming av søknaden frå Lærdal Sau og Geit. Resten av styret gjorde fylgjande vedtak;
 - o Seminkurs – løyve 60 % av kr 2208,-
 - o Fjøsmøte – løyve 60 % av kr 1315,9 mot at me får fullstendige kvitteringar
 - o Klage avslag Lærdal
 - Tiltaket er ikkje regi av lokallaget når faktura frå instruktør er sendt direkte til deltakarane i staden for til Lærdal Sau og Geit. Klagen vert ikkje teke til fylgje.
- Styret i SFSG meiner tiltaket til Gaular Sau og Geit er eit godt tiltak innanfor vilkåra til ordninga og løyver inntil 60 % av dokumenterte kostnadar – kr 2951,-

Sak 76/23. Årshefte 2023 – fordeling av oppgåver og fristar.

Fordelte arbeidsoppgåver på styremedlemmane.

Sak 77/23. Årsmøte 2024 – Program dag 2 (fagdag) – fordeling av arbeidsoppgåver

Årsmøte vert 1-2.mars på Thon Hotell Jølster, med årsmøte fredag og fagdag laurdag.

Styret jobba med program fagdagen og fordelte arbeidsoppgåver.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@eninvest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694

Sak 78/23. Gjennomgang av lokallag som ikkje har hatt årsmøte i 2023 (som ikkje har sendt inn dei rapportane som dei etter lagslovene skal). Vidare handsaming av laga. Tidsfristar.

Sendt e-post til alle medlemmane via «Min side» til 8 lokallag med svarfrist 10.desember.

Sak 79/23. Ymse

a) Teams-møte Vestland Bondelag

Anne fått spørsmål om SFSG kan stilla med innspel/innleiing på Teamsmøte Vestland Bondelag ang innspel jordbrukstingingane 2024. Kva vil me prioritera? Problemstillingane me ser?

8.januar kl 20.

b) Ny kommunikasjonsansvarleg frå Sogn og Fjordane

Jonny ynskjer å bli erstatta som kommunikasjonsansvarleg for Sogn og Fjordane i NSG. Styret må utnemna ein ny person til vervet.

c) Ekstraordinært årsmøte NSG 19.desember på Teams

Styret diskutert sak på ekstraordinært årsmøte i NSG 19.desember på Teams der saka er Ny seminastasjon.

Referent; Solgun Haugen.

Postadresse:

Ragnhild Sæle
Jølstravegen 1652
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: ragnhild.saele@eninvest.net

Bankgiro: 3703 20 15213
Orgnr. 991 051 694